

Styret i Sund Røde Kors har i 2018 vore:

Laila Mortensen - leiar, Evlyn Glistrup - nestleiar, Rolf Sangolt - kasserar, Jeanette Mydland – styrelem, Johnny Sangolt – styrelem. I tillegg har leiar for fleirkultur, Sølvi Eltvik og leiar for besøktenesta, Torgunn Sælesminde vore til stades på møtene. Sølvi Eltvik har tatt oppgåva med å skrive referat.

Vara til styret har vore: Inge Olai Sangolt og Ismail Hamadi.

Styret har i 2018 hatt 6 møter og handsama 31 saker.

Sund Røde Kors sitt årsmøte var 18. februar. På møtet blei Laila Mortensen vald som leiar for 2 år. Evlyn Glistrup gjekk inn som nestleiar for eitt år. Jeanette Mydland blei gjenvald som styrelem. Johnny Sangolt blei vald som styrelem. Ismail Hamadi blei vald som vara til styret.

Fylkesårsmøtet i mars gjekk føre seg på Hotell Ullensvang i Hardanger. Frå Sund drog følgjande fem delegatar: Anna Jorunn Bjørøy, Jeanette Mydland, Laila Mortensen, Torgunn og Jarle Sælesminde.

8. september blei det arrangert NM i førstehjelp i Bergen. Fleirkulturgruppa deltok då med matlaging,

29. september hadde vi førstehjelpskurs på Aktivitetssenteret i Skogsskiftet. Her var det 18 deltakarar.

I oktober deltok fleire i Sund Røde Kors på TRØKK-helg.

I år har vi hatt glede av å samarbeide med Kiwi om julegaveutdeling til trengande i Sund Kommune. Givargleda hos Sundsokningane er stor. Vi fekk svært god respons på tiltaket. I tillegg ville også Coop på Sartor bidra med gåver frå sitt julegavetre. Frå Coop fekk vi også 160 kg pinnekjøtt som blei utdelt i kommunen. Her var NAV svært hjelpsomme.

## **Besøktenesta**

Torgunn Sælesminde er leiar for besøktenesta. Besøktenesta har i år arrangert Bingo på Sundheimen og bussturar for bebuarane der, kvar anna tysdag. I tillegg har dei hatt følgjeteneste til tannlækjar, sjukehus og tatt med folk ut på turar. Dei har også mellom anna hjelpe med rullestølløp, arrangert vårfest, rydda rundt Sundheimen. Besøktenesta har også besøkvenner.

Basaren vart halde på Vågheim 4. november og hadde eit overskot på 48 000,- kroner.

## **Fleirkultur**

Sølvi Eltvik er leiar for dette arbeidet. Røde Kors har i samarbeid med biblioteket og vaksenopplæringa i Sund hatt kvinnegruppe kvar tirsdag. På kvinnegruppa har det nokre gongar vore ein spesiell aktivitet, som maling eller keramikk-verkstad, mens nokre gongar har det i hovudsak vore fokus på å snakke norsk. 4-5 gonger blei det arrangert matlaging på

Aktivitetssenteret. Begge aktivitetane har hatt god oppslutning. Ellers har det vore arrangert mellom anna turar på bowling, Leos lekeland, sirkus, Vil Vite-senteret i Bergen og Fjell Festning light-festival. Då det er mange av migrantane i kommunen som ynskjer å ta førarkort på bil, blei det ein laurdag invitert ein lokal køyrelærer som fortalde om trafikk og kva som må til for å få førarkortet.

Sund Røde Kors fleirkultur leigde lokaler i Skogsskiftet ut September i 2018. Det blei då gjort ei vurdering om at det ikkje lenger var tjenleg å leige desse lokala av di aktiviteten er noko redusert i forhold til tidlegare og då det er oppretta eit godt samarbeid med Sund Bibliotek.

## **Beredskap**

Sund Røde Kors har så smått begynt å ta tak i arbeid med beredskap i kommunen. Leiar for gruppa er Fredrik Mortensen. I april var Fredrik Mortensen og Ismail Hamadi på kurs i beredskap. Det har vore møter med kommunen. Arbeidet med beredskap vil forsetje i 2019.

## **Kommunesamanslåing**

Laila Mortensen har i år hatt eitt møte med Fjell Røde Kors i samband med eit eventuelt framtidig samarbeid. Styret har vald Jeanette Mydland som representant inn mot samarbeidsmøta i tillegg til Laila. Førebels ser vi at vi kan tjene på å arbeide saman dersom det vert oppretta ny aktivitet. Det kan også vere slik at vi må samarbeide om søknader til aktivitetar når kommunane Fjell, Sund og Øygarden blir til nye Øygarden kommune.

Styret takkar for tilliten i 2018.

*Laila Mortensen*